



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Tverrfagleg samhandling i barnehagen  
Interprofessional interaction in  
kindergarden

**Kandidatnr: 262**

Bacheloroppgåve i barnehagelærerutdannig  
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett  
Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag  
Rettleiar Elisabeth Bakke  
31.05.2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet*, § 10.

## FORORD

Barnehagelærerutdanninga har vore ei krevjande og lærerik tid. Gjennom utdanninga har eg vorte meir bevisst på mine egne verdiar og rolla mi som profesjonell i barnehagen. Eg har vorte meir bevisst på omsorga eg har ovanfor barn som treng ekstra støtte og eg føler meg tryggare på å gje dei den støtta. Ein er aldri ferdig utlært verken i barnehagefaget eller i livet og eg gler meg til å lære vidare.

Takk til rettleiaren min, for at du introduserte meg for BTI-modellen og for at du har hjelpe meg gjennom bacheloren med gode og direkte tilbakemeldingar.

Takk til intervjupersonane, for at dykk har gitt med kunnskap om, og innblikk i, korleis tverrfagleg samarbeid fungera i praksis.

Og ei spesiell takk til systema mi, som fekk meg til å prøve å jobbe i barnehage når eg så sårt trengte ein jobb. Utan det litle dytte ditt hadde eg ikkje vore der eg er i dag.

## ABSTRAKT

## **INNHALD**

|   |       |
|---|-------|
| Forord  | s. 1  |
| Abstrakt  | s. 2  |
| <br>  |       |
| 1.0 INNLEIING   | s. 5  |
| 1.1 Avgrensing og oppbygging                                    | s. 7  |
| 2.0 TEORETISK RAMMEVERK OG OMGREPSAVKLARING                     | s. 8  |
| 2.1 Haldningar  | s. 8  |
| 2.2 Profesjon og pedagogisk leiar sitt ansvar i barnehagen      | s. 8  |
| 2.3 Samarbeid og samhandling                                    | s. 9  |
| 2.4 Tverrfagleg- og tverrprofesjonelt samarbeid                 | s. 9  |
| 2.5 Betre Tverrfagleg Innsats                                   | s. 9  |
| 2.6 Faktorar som påverke dynamikken i eit tverrfagleg samarbeid | s. 10 |
| 2.6.1 Systemiske faktorar                                       | s. 10 |
| 2.6.2 Samspels faktorar   | s. 11 |
| 2.7 Sentrale prinsipp for å jobbe tverrfagleg                   | s. 11 |
| 3.0 METODE  | s. 12 |
| 3.1 Kvalitativ forskingsintervju                                | s. 12 |
| 3.2 Rekruttering av intervjupersonar                            | s. 13 |
| 3.3 Intervjuguidar  | s. 14 |
| 3.4 Intervjuprosessen   | s. 14 |
| 3.5 Ethiske omsyn og personvern                                 | s. 15 |
| 3.6 Pålitgrad   | s. 16 |
| 4.0 FUNN  | s. 17 |
| 4.1 Haldningar til tverrfagleg samarbeid                        | s. 17 |
| 4.2 Rutinar   | s. 18 |
| 4.3 Utfordringar  | s. 20 |
| 4.4 «Suksesskriterier» for tverrfagleg samarbeid                | s. 21 |
| 5.0 DRØFTING  | s. 23 |
| 5.1 Systemisk faktor, det profesjonelle system                  | s.    |
| 5.2 Systemisk faktor, det sosiale system                        | s.    |
| 5.3 Samspelsfaktorar  | s.    |
| 5.4 Sentrale prinsipp   | s.    |

6.0 KONKLUSJON

s.

7.0 LITTERATUR

s.

## **VEDLEGG**

- 1 BTI-modellen
- 2 Samtykke
- 3 Infoskriv
- 4 Intervjuguide pedagogisk leiar, bykommune  
Intervjuguide instans, bykommune  
Intervjuguide pedagogisk leiar, BTI-kommune  
Intervjuguide instans, BTI-kommune

## 1.0 INNLEIING

Då eg starta på Barnehagelærerutdanninga starta eg med eit behov for meir fagleg kunnskap og eit behov for å forstå barns psykiske og fysiske utvikling. Etter fleire år som ufaglært barnehageassistent med vikarrolle i fleire forskjellige barnehagar begynte eg med eit friskt, lærande sinn, men merka fort at for å forstå eit barn skulle det meir til enn erfaringsbasert kunnskap. Når ein er vikar i ein barnehage med lite føresetnadar kan ein føle seg aleine og det er gjerne då ein kan få auge på andre som er aleine og. I barnehagen skal ein jobbe for eit fellesskap der alle er inkludert og for nokre born er det vanskeleg. *Rammeplan for barnehagen* (Kunnskapsdepartementet, 2017) påpeiker nettopp dette og seier at barnehagen skal gje rom for barnas ulike føresetnadar, perspektiv og erfaringar og at den skal bidra til at barna, i fellesskap med andre, utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og tru på egne evne. Eg merka tidleg når eg byrja å jobbe i barnehagen at det var enkelte barn som kunne trenge ei hand å halde i og ekstra støtte i møte med andre barn og det var gjerne desse barna eg fekk best kontakt med gjennom periodane som vikar, fordi eg følte ein trengsel for å vere ei støtte for dei. Om det skulle vere som støtte i det språklege, i det sosiale eller i det emosjonelle.

«Ulike forutsetninger og ulik yrkesbakgrunn gjør at utgangspunktet for tverrfaglig samarbeid er ulikt. Det er nødvendig å klargjøre hvilket menneskesyn og hvilke holdninger som ligger til grunn for den enkeltes uttrykte meninger og standpunkter. Når en skal samarbeide med andre og utøve tjenester til familier og barn og unge, er det helt nødvendig å ha et klart verdigrunnlag.» (Glavin & Erdal, 2013, s. 37-38)

Barnehagen har eit spesielt samfunnsansvar kring barn og, i samarbeid og forståing med heimen, eit samfunnsmandat om å ivareta barns behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10). I NIBR-rapporten *Bedre Tverrfaglig Innsats (BTI). Følgjevaluering.* (Helgesen, 2013), kjem det fram at i kommunane dei undersøkte finns det lite informasjon om kva faktorar som trengs for eit vellykka tverrfagleg samarbeid kring utsette barn og unge. I rapporten trekke dei fram einigheit om meiningar og haldningar som eit av punkta for eit vellykka samarbeid. Med interessa mi for tverrfagleg samarbeid og nyssgjerrighet på korleis det fungerer i praksis har eg observert at det i fleire barnehagar, der hjelpetiltak er satt inn, at det er lite kommunikasjon på avdelinga mellom spesialpedagog og pedagogisk leiar. Samstundes at tiltak som blir foreslått av spesialpedagog for å betre kvardagen til barnet den er der for ikkje gjennomførast av andre enn spesialpedagogen. Liknande kjem og fram i NOU'en, *Svik og sviikt* (2017), der dei fant tilfelle av mangel på samarbeid og samhandling mellom tenester, og at det har ført til at viktig og nødvendig informasjon har gått tapt, og at barn ikkje har fått den hjelpa dei har hatt behov for tidlig nok eller i det heile teke. Eg stille meg kritisk til rammene for tverrfagleg samarbeid i barnehagen og kor vidt pedagogisk leiar sine haldningar til andre instansar stride med ansvaret den har i barnehagen.

Barn som av ulike orsake har utfordringa knytt til utviklinga skal få støtte frå barnehagen, men ofte treng dei støtte frå andre instansar når kompetansen og det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen aleine ikkje strekke til. Ei felles nemning for barn som av ulike orsake har behov for oppfølging og spesielt tilrettelagt hjelp er *barn med særskilde behov* (Sjøvik, 2014). I barnehagen er eit godt samarbeid med instansar som blant anna pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), helsestasjon, barnevern og barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP), avgjerande for barn med særskilde behov og deira heilskapelege utvikling.

BTI – Bedre Tverrfaglig Innsats er ein samhandlingsmodell utarbeida av Helsedirektoratet (2017) for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller bekymring til. Blant dei tenestene finn vi barnehagen. Den baserer seg på ein dansk modell med same namn som har blitt tilpassa norske forhold (Helgesen, 2013). Denne er utarbeida fordi forskning vise at tenestene rundt utsette barn og unge ikkje fangar dei opp tidleg nok, at dei ikkje får den hjelp dei treng og at det er brot i oppfølgingar grunna dårleg samhandling (Helsedirektoratet, 2018). BTI skal bidra til «å skape et helhetlig og sammenhengende system mellom kommunens ulike tjenester og brukeren» (Helsedirektoratet, 2017).

I mitt 5. semester i utdanninga var eg på utveksling i ein liten bykommune i Danmark. Gjennom utvekslingsprogrammet ‘Social Entrepreneurship – Innovation that moves you’ hadde eg eit fag kalla ‘Interprofessional Collaboration’. Der var fokuset å få innblikk i og identifisere potensiala og utfordringane med å jobbe tverrfagleg. Som avsluttande eksamen skreiv eg ei oppgåve der eg brukte relevant teori for å drøfte korleis negative haldningar til profesjonar kan oppstå og korleis dette kan påverke eit tverrfagleg samarbeid. Litteraturen hadde helse og omsorgs sektoren som utgangspunkt, men eg drøfta det ifrå eit barnehageperspektiv. Eg vil byggje vidare på dette temaet og sjå på følgjande problemstilling:

*Korleis kan pedagogisk leiar sine haldningar til tverrfagleg samarbeid påverke samhandlinga mellom barnehagen og instansane? På kva måte kan samhandlingsmodellen BTI vere med på å styrke samhandlinga mellom barnehagen og andre instansar?*

For å svare på problemstillinga er det nødvendig å forstå kor haldningar til tverrfagleg samarbeid kan komme frå, dette vil eg gjere ved å sjå på systemiske- og samspelsfaktorar som kan påverke dynamikken til eit tverrfagleg samarbeid. Vidare vil eg sjå på kva kriterier ein som profesjonell yrkesutøvar bør inneha for å vere ein vellykka samarbeidspartner. Ved å intervjuje ein pedagogisk leiar og ein intsans frå to kommunar i Hordaland, der eine kommunen følge samhandlingsmodellen BTI og den andre kommunen har barnehagar med ulike rutinar, vil eg kunne samanlikne om det finns forskjellar i haldningar og samhandling.

### **1.1 Avgrensing og oppbygging**

I denne oppgåva vil instansar omtale dei hjelpeapparata kommunar tilbyr som spesialpedagog, PPT, barnevernstenesta, BUP og helsestasjon.

Fyrst vil eg presentere relevant teori. Eg vil så presentere kva metode eg har nytta for innsamling av data om emnet og metodeprosessen. Vidare vil eg legge fram funna mine og så drøfte dei i lys av teorien. Til slutt vil eg ha ei oppsummering med refleksjon øve funna og kva eg har lært gjennom arbeidet og korleis eg kan ta det med meg vidare i barnehagen.



## 2.0 TEORETISK RAMMEVERK OG OMGREPSAVKLARING

Eg vil no presentere relevant teori for å belyse tema og problemstilling, og avklare omgrep.

### 2.1 Haldningar

*Haldning* kan definerast som ein tendens til å tenke, føle og handle positivt eller negativt ovanfor noko. Haldningar kan komme til uttrykk gjennom oppfatningar, meiningsytringar, positive eller negativ følelsar, og gjennom handlingar og reaksjonar (Svartdal, 2018). Glavin og Erdal (2013) påpeiker at eit samarbeid er avhengig av enkelt personers haldningar. Haldningar er påverka av eins verdiar og menneskesyn. Barnehagen har sitte eige verdigrunnlag som er forankra i Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Den viser til viktige verdiar som å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og at barnehagen må ha ei heilskapleg tilnærming til barnas utvikling, som ein som pedagogisk leiar må formidle og praktisere (Kunnskapsdepartementet, 2017)

### 2.2 Profesjon og pedagogisk leiar sitt ansvar i barnehagen

Det norske samfunnet er i stadig endring og utvikling som påverke og utfordre barnehagen og barnehagelæreryrket som profesjon (Tholin, 2015). Ein profesjon er eit yrke som har eit solid vitenskapleg grunnlag for sitt arbeid (Højholdt, 2016). Kva yrker som kan omtalast som profesjon eller ikkje er omstridt, men ein kan sei at det karakteristiske ved ein profesjon er at den må handtere potensielle profesjonsetiske problemstillingar (Tholin, 2015).

Profesjonsetiske problemstillingar er dei utfordringar ein kan møte i yrkessamanheng. I enkle trekk handlar profesjonsetikk om å handle etisk ovanfor menneske ein møter yrkessamanheng (Tholin, 2015). Etikk handlar om å reflektere øve handlingar, og handle moralsk ut i frå kva som er rett i følge samfunnet sine normer og verdiar (Eidhamar & Salvesen, 2017).

Eins eigne verdiar og haldningar påverke korleis ein handlar som person og som profesjonell, som barnehagelærer må ein «fremme kontinuerlig yrkesetisk bevissthet som gjennomsyrrer holdningar og handlinger i situasjonar og samvær med barn, kollegaer og foreldre» (Tholin, 2015, s. 56). Det å vere yrkesetisk bevisst handlar om å vere bevisst og ha kunnskap om ansvaret ein har som profesjonell yrkesutøvar.

I barnehageloven (2005, §17a) står det at for å jobbe som pedagogisk leiar i barnehagen må ein ha utdanning som barnehagelærer. Pedagogisk leiar har då og ansvar som barnehagelærer, i denne oppgåva vil eg hovudsakleg bruke omgrepet pedagogisk leiar og «pedleiar» som forkorting. Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) seier barnehagelærer er den profesjonen som er spesielt utdanna for å kunne ivareta barnehagen sine oppgåver. Og at pedagogisk leiar skal rettleie og sørge for at barnehageloven og rammeplanen oppfyllest gjennom det pedagogiske arbeidet.

### **2.3 Samarbeid og samhandling**

Samarbeid og samhandling er ofte brukt om ein anna (Glavin & Erdal, 2000). I denne oppgåva vil eg skilje samarbeid frå samhandling. Samarbeid vil beskrive det tverrfaglege samarbeidet, mens samhandling vil beskrive samspelet/dynamikken og interaksjonen mellom profesjonane tilknytt samarbeidet.

### **2.4 Tverrfagleg- og tverrprofesjonelt samarbeid**

Når ulike faggrupper og profesjonar arbeider saman mot eit felles mål kallar man det eit tverrfagleg samarbeid. Ein kan forklare eit fag som ei samling av metodar, kunnskap, verktøy og ferdigheiter innanfor eit bestemt område med eins eigne kunnskapsnivå, metodikk og praktiske erfaring (Højholdt, 2016). Eit tverrprofesjonelt samarbeid har fokus på meir enn det faglege, det tar også for seg dei involverte profesjonar sine normer, vanar, verdiar, haldningar og det ansvar dei involverte har og påtar seg (Højholdt, 2016).

Det som skilje tverrfagleg- og tverrprofesjonelt samarbeid er at det i eit tverrfagleg samarbeid ikkje er krysning når det kjem til fagforståing. I det tverrfaglege held ein seg innanfor sitt fag, mens i tverrprofesjonelt samarbeid jobbar profesjonane for å forstå kvarandre sitt fag (Højholdt, 2016).

### **2.5 Betre Tverrfagleg Innsats**

Som nemnd i innleiinga er BTI ein samhandlingsmodell, som Helsedirektoratet starta opp i 8 kommunar i 2012 og etter det utvida seg øve fleire kommunar (Møller 2016). Modellen består av fire nivå, sjå vedlegg 1, som kvar beskriv gangen i arbeidet med å avklare bekymring og

iverksetting av tiltak i og mellom tenester kring barn. «De fire nivåene skal omfatte alle oppgaver og aktiviteter som berører tidlig og tverrfaglig innsats og oppfølging av målgruppa.» (Helsedirektoratet, 2018). BTI er ein struktur med ulike prosessar. Handlingsretteiarar som går meir i detalj om kva oppgåver og prosedyrar tilknytte tenester skal ha, desse blir utvikla av kommunen. Ein stafettlogg som skal sikre oppfølging ved at den følge brukaren uansett kva teneste den er tilknytt. Og stafetthaldaren som får koordineringsansvar med ulike oppgåver som skal vere med på oppfølginga av brukaren.

## **2.6 Faktorar som påverke dynamikken i eit tverrfagleg samarbeid**

Forfattarane D'amour og Oandasan (2005) har identifisert tre komponentar som fastsette korleis eit tverrfagleg samarbeid utvikle seg (D'amour og Oandasan, 2005, referert i Day, 2013, s. 151). Dette er systemiske faktorar, organisatoriske faktorar og samspels faktorar som alle påverke dynamikken i eit tverrfagleg samarbeid (Day, 2013). I denne oppgåva har eg valt å legge fram og sjå på systemiske og samspels faktorar for å belyse problemstillinga mi knytt til dynamikken i det tverrfaglege samarbeidet, og for å sjå på eventuelle skilnadar mellom barnehagar i kommunar med og utan BTI modellen.

### **2.6.1 Systemiske faktorar**

Systemiske faktorar er dei faktorane utanfor organisasjonen som kan påverke eit tverrfagleg samarbeid, om det så er negativt eller positivt. Desse faktorane finn vi innanfor eit profesjonelt system og eit sosialt system.

Det profesjonelle systemet har påverknad på utviklinga av eit effektivt tverrfagleg samarbeid. Innanfor systemet finn ein fleire aspekt som eg no vil presentere. *Profesjonell sosialisering*, er prosessen av å tilpasse seg ei gruppe som ein enten er ein del av eller har lyst å bli ein del av. Kvar profesjon/yrke har ulike strukturar, filosofiar, verdiar og teoriar. Om ein ikkje innser eller respekterer dette kan det ha ei negativ innverknad på samarbeid på tvers av profesjonar. *Profesjons språk*, kvar profesjon og yrke har sitt eige yrkesspråk og fagspråk på bakgrunn av blant anna utdanning og kompetanse. Her kan like ord ha ulik meining og kan skape misforståingar. Ein kan hamne i situasjonar der ein trur ein har forstått kvarandre, men det vise seg at ein har feiltolka for eksempel spesifikke ord eller uttrykk som har ulik meining innan yrka. *Profesjonelle stammar og territorium*, ei stamme er ei gruppe menneske innanfor eit territorium med eige språk og eigne ritual. Eit territorium er eit område kor ein har rettar

og ansvar, dette kan vere innanfor eit spesifikt område. *Profesjoners etiske retningslinjer*, er dei retningslinjer som beskriver og tilseier korleis ein burde oppføre seg og handle innan profesjonen.

Det sosiale systemet er dei sosiale forskjellane ein kan finne mellom profesjonar. Desse kan vere basert på makt, kjønn og sosial status. Likestilling mellom partane er viktig i eit samarbeid.

### **2.6.2 Samspels faktorar**

- Profesjons stereotypifisering
  - Ein stereotype er noko som kjem fram av eins oppfatningar av korleis ei spesifikke gruppe personar skal vere og kva som er typisk for dei.
- Ulike mål
- Mangel på tillit
  - To nivå av tillit
    - Å ha tillit til si eiga rolle og evner som profesjonell
    - Å vise tillit til andre profesjonelle
  - Nivåa heng saman med kvarandre. Om ein ikkje har tillit til seg sjølv som profesjonell blir det vanskeleg å skape tillit hos andre.
- Mangel på motivasjon
- Mangel på kommunikasjon

### **2.7 Sentrale prinsipp for å jobbe tverrfaglig**

I boka «*Being Interprofessional*» presenterer forfattarane fleire sentrale prinsipp som er, underbygd av verdiar, som dei ser på som nødvendige å inneha som profesjonell for å jobbe tverrfaglig/tverrprofesjonelt (Hammick, Freeth, Copperman & Goodsman, 2009, s. 35-36):

- Viljen og evna til å vere samarbeidsvillig og inkluderande
- Ei forståing av arten og omfanget av omsorgsplikta du har ovanfor dei som bruker tenestene dine og til kollegaene dine
  - I barnehage samanheng handlar dette om den plikta du har ovanfor barn, føresette, kollegaer og samfunnet

- Sikre at du under ditt tverrfaglege/tverrprofesjonelle arbeid har følgande holdningar ovanfor alle du jobbar med og for: Respekt for det konfidensielle, avtaler, viljen til å samarbeide/forhandle og viljen til å dele
- Viljen og evna til å kommunisere tydeleg kva ein vil og kva ein trur; og lytte til kva andre vil og trur
- Forpliktinga og evna til å utvikle og levere gjensidige akseptable delte planar
- Viljen og evna til å ta del i det å forme endring og vere open til innspel frå andre fagfelt tilknytt tenestene du tilbyr

### 3.0 METODE

Forskingsmetode er ein framgangsmåte for å komme fram til ny kunnskap (Dalland, 2017). Metodar for å samle inn data, informasjon, delast opp i kvantitative og kvalitative metodar. Kvantitativ metode gjev data i form av målbare einingar og kvalitativ metode gjer data som ikkje er målbart eller talfesta, som for eksempel meiningar og erfaringar (Dalland, 2017). I dette kapittelet vil eg legge fram mitt val av metode, korleis det kan gje svar på problemstillinga, etiske omsyn ein må følgje og pålitsgrad med tanke på val av metode.

#### 3.1 Kvalitativt forskingsintervju

I denne oppgåva har eg valt kvalitativ metode. Kvalitativ metode handlar om å fange opp meining og oppleving som ikkje er talfesta eller målbart og er ein metode som blant anna blir brukt når ein vil gå i djupna av eit problem eller spørjemål (Dalland, 2017). Innanfor kvalitativ metode har eg valt intervju som datainnsamlingsmetode. Ved kvalitative forskingsintervju er hensikta å få den ein intervjuer til å skildre sine opplevingar av eige liv og forhold til omgjevningane (Dalland, 2017). Grunnen for valet mitt av intervju er at haldningar til noko og korleis det kan påverke noko, ser eg på som vanskeleg å måle eller talfeste. Men eg ser på det som mogleg å få fram gjennom ein person sine erfaringar og utgreiing av handlingar. Ved å intervjuer får eg og eit innblikk i korleis eit tverrfagleg samarbeid kan vere i praksis. Både i frå barnehagen si side og instansar.

Å bruke intervju for å forske på noko har både positive og negative sider. Kven ein intervjuar, korleis ein intervjuar og korleis ein sjølv er som person og forskar påverkar resultatet. Eg har

valt å ha personlege intervju med ein pedagogisk leiar og ein instans i to kommunar i Hordaland. Ved personlege intervju ser eg på det som enklare å skape tillit til den som ein intervjuar som igjen kan gjere dei tryggare på å dele sine erfaringar med meg og vere meir open om meiningar.

Eg vil no presentere intervjupersonane med fiktive namn for å ivareta deira personvern. Det er og fiktive namn på barnehage og eg vi omtale kommunane utan namn. Den fyrste kommunen, «bykommunen», har eit stort mangfald av barnehagar fordelt utover fleire bydelar. Eg har praksiserfaring frå fleire barnehagar i denne kommunen både gjennom jobb og utdanning. Der besøkte eg den fleirkulturelle basebarnehagen, «Klokkemaker» og intervjuar «**Karen**» som har jobba der som pedagogisk leiar i 11 år. Der intervjuar eg og «**Randi**» som jobbar for PPT som spesialpedagog. Den andre kommunen, «BTI-kommunen», er og ein bykommune, men mykje mindre og har i underkant av 20 barnehagar. Hit reiste eg fordi dei brukar BTI og har ingen kjennskap til kommunen utanom. Der intervjuar eg «**Bente**» som har jobba som pedagogisk leiar i «Spurvebakken» avdelingsbarnehage i 12 år. Så var eg å intervjuar «**Marte**» som er einingsleiar i førebyggjande tenester i kommunen og har ansvar for blant anna PPT og spesialpedagogiske team i barnehagen, ho er også ein av dei som har aktivt vore med å implementere BTI i kommunen.

### 3.2 Rekruttering av intervjupersonar

I lys av Dalland (2017) si utdyping om intervju som kvalitativ forskingsmetode har eg valt å omtale dei eg intervjuar for *intervjupersonar* gjennom oppgåva. Då eg tok kontakt med intervjupersonar gjennom e-post omtalte eg dei som intervjuobjekt, men har i etterkant reflektert over at det å bli kalla objekt kan skape avstand. I barnehagen er ein opptatt av å møte barn og menneske som subjekt og det å bli kalla objekt kan skape avstand, noko som kan vere skadeleg når formålet med intervjuar er å få innsyn i intervjupersonen si oppleving av tverrfagleg samarbeid.

For å finne intervjupersonar sendte eg ut invitasjonar via e-post med informasjon om bachelorprosjektet og spørsmål om nokon ville delta. Eg var strategisk i valet og var ute etter intervjupersonar med bestemt erfaring (Dalland, 2017), pedagogiske leiarar og instansar knytt til barnehagen. I prosessen ville eg som eit utgangspunkt finne kandidatar som ikkje hadde noko kjennskap til meg i fare for at det vil påverke innsamla data, resultatet bør vere minst mogleg avhengig av den som utføre undersøkinga (Dalland, 2017). Men gjennom prosessen

innsåg eg på grunn av tid og moglegheit for at nokon ville delta at eg måtte ta i bruk eige nettverk. For eksempel så har Karen vore praksislæraren min, dette kan hatt påverknad på svara ho har gitt meg. For eksempel kan det å ha relasjonar til intervjuperson gjere dei lukka og redd for å opne seg om erfaringar eller dei kan vere tryggare på å svare ærleg og meir utdjupande. Dette følte eg var tilfelle med Karen som var. Ho svarte mykje meir utdjupande på spørsmåla enn nokon av dei andre, som eg ikkje kjente i frå før. Men dette kan og komme av at ho har mykje erfaring med tverrfagleg samarbeid. Karen var og behjelpelig med å få meg i kontakt med Randi når eg strevde med å finne ein instans å intervju i kommunen.

BTI-kommunen hadde eg lite kjennskap til på forhand og måtte reise nokre timar med buss for å intervju. Eg fekk hjelp frå eige nettverk for å komme i kontakt med Marte. For å finne ein pedagogisk leiar å intervju så sendte eg ut ein e-post til dei kommunale barnehagane i kommunen. Etter nokre dagar hadde eg ikkje fått noko svar og begynte så å ringe. Eg ringte Spurvebakken først og kom i kontakt med styrer som skulle ta kontakt med pedagogisk leiar, og slik kom eg i kontakt med Bente.

### **3.3 Intervjuguidar**

Noko som kjenneteikne eit kvalitativt intervju er å bruke ein intervjuguide som samtaleform for å skape kunnskap gjennom intervjuet (Dalland, 2017). Intervjuguiden er der som hjelp for å lede deg gjennom intervjuet, men når ein intervjuar er det viktig å lytte til det som blir fortalt og utvikle spørsmål ut ifrå det. Eg har utvikla intervjuguidar tilpassa intervjupersonane (vedlegg 3) for å vere forberedt og direkte i intervju. Dei er for det meste identiske, men grunna lite litteratur om korleis BTI fungera i praksis og ynskje om å stille direkte spørsmål som kan gje innsyn i erfaringar med pedagogisk leiar valte eg å tilpasse guidane.

### **3.4 Intervjuprosessen**

I forkant av intervju informerte eg ikkje om valt problemstilling, men hovudsakleg om tema og fokus gjennom infoskriv (vedlegg 2), dei fekk heller ikkje utdelt intervjuguide på førehand. Grunnlaget for dette var at eg ville at kandidatane skulle svare spontant, utan planlagde svar (Dalland, 2017). Eg valte å ta opp intervju med diktafon. På denne måten fekk eg fokusert på kva som blei sagt og om spørsmåla blei svart på. Ved å bruke diktafon kan ein fange opp nyansar i språk og stemmeleie, ein får moglegheit til å observere under

samtalen og ein kan fokusere meir på om det som blir sagt belyse tema (Dalland, 2017). Og det gjer det enklare for å stille oppfølgingsspørsmål, som eg gjorde ved fleire tilfelle, når noko var uklart, om eg følte det som blei sagt ikkje svarte på spørsmålet eller om det var noko som eg ville høyre meir om. I det fyrste intervjuet, som var med Karen, spurte eg fyrst om «Kva tankar hadde du om tverrfagleg samarbeid ...?», for å få fram haldningar. Dette skifta eg om til å spørre direkte om «Kva haldningar hadde ...?» i dei andre intervju. I fyrste omgang tenkte at eg ikkje ville spørje direkte om haldningar, men fant ut at når eg spurte om tankar blei det for ope. Når eg spurte direkte om haldningar fekk eg klarare svar.

### **3.5 Ethiske omsyn og personvern**

Når ein skal sjå på det etiske så handlar det om å reflektere øve kva som er rett og gale (Eidhamar & Leer-Salvesen, 2017). Forskingsetikken er til for å vurdere forskning i samsvar med samfunnet sine normer og verdiar (Dalland, 2017). Det handlar om å ivareta personvernet og at det å forske etter ny kunnskap ikkje skal gå på skade dei involverte eller andre sin integritet og velferd (Dalland, 2017).

Grunna bruk av diktafon under intervju har eg meldeplikt til NSD - Norsk senter for forskingsdata og måtte difor få bacheloroppgåva godkjent som prosjekt før eg kunne gjennomføre intervju. Eg har fått godkjenning av prosjektet ved oppfylle krava som personvernlova har om behandling av personopplysningar. Ved melding av prosjektet må ein blant anna informere om tema, kva for opplysningar ein skal behandle og korleis ein skal behandle dei, og få godkjent samtykke, infoskriv og intervjuguidar. Noko som er ein viktig før ein kan intervju er å gje intervjupersonane tilstrekkeleg med informasjon om rettighetene deira og behandling av opplysningar gjennom eit infoskriv (vedlegg 3). Eg valte å følge NSD sin mal, som rettleie deg gjennom kva ein må ha med i skrivet. Eg valte og å ta i bruk malen deira for samtykke (vedlegg 2), som ein må ha underskrift på i forkant av intervju. Å ha eit skrifteleg samtykke er med på å sikre mitt ansvar rundt personopplysningar og vise at intervjupersonane stoler på at eg tar det ansvaret på alvor.

Med omsyn til personopplysningar som kontaktinformasjon og kontakt rundt det å delta var det viktig ta kontakt med intervjupersonar via HVL sin e-postportal, dette jmf. HVL sine retningslinjer for personopplysningar. Som student representerer eg HVL når eg arbeider med prosjektet.



Eit av ansvara ein har ved behandling av personpplysningar er anonymisering. I denne oppgåva skal det ikkje vere mogleg at noko kan spore tilbake til intervjupersonane. Då er det viktig at ved transkribering av intervju å enten unnlate å skrive namn eller bruke fiktive namn. Gjennom denne oppgåva har eg valt å bruke fiktive namn på personar, barnehagane og kommunane. Under intervju er det og mogleg at det kan dukke opp sensitiv informasjon om barn og vaksne som ein må ta omsyn til. Både eg og intervjupersonar har teieplikt rundt sensitiv informasjon i barnehagen, fordi det er gjennom arbeid og ikkje i ein privat setting (Eidhamar & Leer-Salvesen, 2017). Eg valte å presentere problemstillinga til slutt i intervjuet som skapte interessante samtalar om holdningar i yrkessamanheng og det viste seg at intervjupersonane i bykommunen hadde ikkje noko kjennskap til BTI.

### **3.6 Pålitsgrad**

Pålitsgrad handlar om kor vidt arbeidet som blir presentert er til å stole på (Dalland, 2017). For å legge fram i kva for ei grad arbeidet i denne oppgåva er påliteleg vil eg legge fram kvifor eg har undersøkt som eg har og kva resultatet skal brukast til. Kven eg er som forskar/undersøkar. Korleis eg samla inn data og kva for feilkjelder som kan ha påverka resultatet.

Mi forståing av tverrfagleg samarbeid i barnehagen og erfaringar med det vil ha innverknad på korleis eg tolkar intervjuet. Eg har klare tankar på korleis ein bør handle som profesjonell i eit tverrfagleg samarbeid som fargar oppgåva. Ein kan prøve møte noko utan forventningar eller føresetnadar, men ein vil alltid ha nokre tankar om det (Dalland, 2017). Dette er noko eg er bevisst på. Som nemnd i innleiinga har eg observert lite kommunikasjon mellom pedagogisk leiar og spesialpedagog i nokre barnehagar. Men det som eg har observert er ikkje haldbart fordi det er observert over korte periodar og med liten til ingen innverknad eller innsyn til samarbeidet utanom.

I arbeidet med intervjuguidane kunne eg arbeida meir med spørsmål og tematisert dei betre for å belyse problemstillinga. Etersom interessa mi for tverrfagleg samarbeid er stor hadde eg mange vide spørsmål som har gitt meg mykje ny kunnskap, men det har og gjort det vanskeleg å trekke ut det som belyse problemstillinga best. Under intervjuet var eg opptatt av å lytte til intervjupersonane så eg fekk ikkje notert observasjonar underveis, men det lot meg vere ekstra obs mine egne uttrykk for å få intervjupersonane til snakke meir utdjupande, som å ikkje vere redd for pausar.

Gjennom prosjektet har eg fått eit godt innblikk i korleis tverrfagleg samarbeid fungerer i ein kommune med BTI og ein kommune utan. Og resultatet vil eg skal brukast for å reflektere øve eins yrkesetiske ståstad i arbeidet med barn med særskilde behov og kva det ansvaret inneberer.

## 4.0 FUNN

Eg vil no presentere funna eg har gjort gjennom intervju, som bearbeida tekst. Funna blir presentert via tema som eg har valt å legge vekt på. Fyrst transkriberte eg intervju ordrett, no vil eg presentere funna utan eigne føringar og meiningar. Eg har valt å dele funna inn i tema der eg ser likskap og forskjellar mellom kommunane. Som nemnd i metodekapitlet vil eg bruke fiktive namn på intervjupersonane, barnehagane og kommunane.

### 4.1 Haldningar til tverrfagleg samarbeid

Karen tenke at viss ein lar ein lang behandlingsprosess og frustrasjon over systemet gå utover spesialpedagogen som skal vere med barnet, så vil dei haldningane og personlege følelsane øydelegge for samarbeidet. Det å finne ein balanse mellom det å vere positiv, møte den andre parten på det dei ønske dei skal gjere og samtidig sei kva ein forvente tilbake. Ein skal ikkje tenke at spesialpedagogen er der for å avlaste deg, men at den er der for barnet. Sjølv om det å ha fire saker på gruppa si, og det gir meir arbeid, så stoppar ikkje det ho frå å sende fleire saker. Spesielt om erfaringa ho har er at tiltaka er positive for barna.

Randi tykkjer det er viktig og tryggande å ha fleire som tenker sammen. Det kan skje at ho har eit anna syn på saker om barna, fordi ho ser ikkje problematikken på same måte som ein pedagogisk leiar eller assistent. Ho fortel at ofte når ein er der som spesialpedagog så havnar ikkje barna i same konflikt situasjonar sidan dei er tett på og kan rettleie barnet. Ho trur det finns forskjell på syn og holdning mellom spesialpedagog og pedagogisk leiar, og kor godt pedagogisk leiar klarer å ta til seg det synet spesialpedagogar har varierer. Forskjellen på eit dårleg og godt samarbeid er kor open dei er for forandring, og kva dei tenker om spesialpedagogisk hjelp. Nokre barnehagar er veldig enkle å samarbeide med og tar den spesialpedagogiske hjelpa vidare nesten kvar dag. Nokre forventar nesten at du kjem med ein tryllestav og at problema forsvinne. Ho trur det avhenger av haldningar hos den enkelte barnehage. Ho fortel at i Marte Meo barnehagar har dei ei heilt anna haldning og barnesyn enn 'vanlige' barnehagar. Dei er veldig samarbeidsvillige og enkle å samarbeide med, ho har ei meir positiv erfaring med slike barnehagar. I Marte Meo er det eit anna syn på kva ein kan forvente av eit barn, korleis det skal handterast og korleis handtere konfliktsituasjonar, enn i 'vanlege' barnehagar. Desse barnehagane er godt bemanna så ho skjønner at å ha fem vaksne på ei avdeling nesten heile tida i staden for tre gjer ein stor forskjell.

Bente fortel at haldningane til å ta i mot hjelp har forandra seg mykje sidan dei begynte med BTI. No er dei meir opne til å ta i mot hjelp. Bente føler at BTI har vore med på å ufarleggjere det å ta inn spesialkompetanse og at tidligare så var holdninga 'å nei, det er ikkje noko spesielt med mitt barn', mens no er dei meir opne og positive til å ta i mot hjelp.

Marte ser på tverrfagleg samarbeid som einaste moglegheit til å få tiltak hos barn og unge til å fungere. Ho seier at foreldre må gjerast til aktive samarbeidspartnarar og få ansvar for tiltak. Ho møter foreldre annleis no enn før BTI, spesielt når det kjem til profesjonsspråk og fagtankar, ho snakkar på deira nivå. Ho tenker at det å gjere foreldra kompetente er det viktigaste, så må fagfolk tilpasse seg dei. 'Ein må ikkje komme inn med ei lukka haldning om at du skal komme og fortelle andre om korleis verden ser ut, det er barnehagen som skal fortelle dei korleis verden ser ut og sammen finne tiltak som kan hjelpe akkurat dette barnet'. Eit anna punkt er det er vanskelig å ha tverrfaglig samarbeid, når ein instans eller ei eininga har bestemt seg for svaret før vi går inn i diskusjonen.

## **4.2 Rutinar**

Karen seier at rutinane varierer utifrå situasjon. Om det dukke opp ein tanke om at barnet er sein i utviklinga, for eksempel språklig, sosialt eller kanskje har utfordrande atferd og ein tenke at det ikkje er foreldre eller omgjevnadene sin feil, men deira mentale utvikling. Då vil ho tidlig i fasen forhøyre seg med teamet om deira observasjonar og få innspel, gjerne ha eit teammøte der dei diskuterer tankane deira om barnet. Neste steg i prosessen varierer. Ho vil ofte skrive ned ein lite observasjon eller to av situasjonar der barnet ikkje fungerer optimalt og vidare ta det opp med foreldre og høyre kva dei tenker. Og etter det er det opp til foreldra om det trengs hjelp og gje samtykke til å søke om hjelp. Når det kjem til hjelp finns det fleire alternativ. Før lavterskel tilbod noko som gjerne var lettaste utvegen å ta og enklast å få med foreldra på om dei er usikre. Nyleg var Karen usikker på om det var nødvendig å søke om hjelp til eit barn der ho opplever nokre gonger at det er ei fin utvikling samstundes som ho ser situasjonar som fungerer veldig dårlig, der ho opplever at barnet har dårlig forståelse for omgjevnadane. Sammen med mor blei dei einig om å sende ein lavterskel søknad slik at nokon utanifrå kan komme og observere. Då vil den som kjem og observerer skrive ein rapport, ta dette opp med Karen og så komme med ei anbefaling. Det kan for eksempel vere å anbefale ei henvisning til PPT eller ei rettleiing av personalet. Ho trur dei og kan tilby foreldre rettleiing.

Det er nokre år sidan ho har nytta lavterskel fordi dei no går rett på henvinsing til PPT når dei veit at eit barn treng hjelp. Når dei sender henvinsing er det ei behandlingstid så kjem PPT å observerere, skriver rapportar, skriv så ei sakkyndig vurdering der behova til barnet står og kjem det eit vedtak med kor mange timar med spesialpedagog barnet har rett på. Når spesped vedtaket kjem då kan ein søke om dei faktiske ressursane. Då må ein fylle ut søknadsskjemaer, detter skal eigentleg foreldre gjere, men dei syns ofte det er vanskeleg, så Karen fyller dei ofte ut for dei eller hjelpe dei med det. Det kan ofte ta nokre månadar frå ein sende henvinsing til det kjem ressursar på plass. «Det kan ta altfor lang tid, men når den ressursen komme på plass, er det som regelt veldig positivt.»

Randi seier Det er store variasjonar mellom barnehagane. Ho trur det er veldig avhengig av haldningane til barnehagen. Ved ei sakkyndig vurdering så står det kva barnehagen må jobbe med, kva den spesialpedagogiske hjelpen innebere og kor mange timar med rettleiing barnet har rett på. Ho møter barnehagar som seie 'Nei, det har vi ikkje tid til, nei, det passer ikkje her, nei, det kan vi ikkje gjere'. Her tykkjer ho det er vanskeleg å komme igjennom og tenke saman. Mens i andre barnehagar er holdninga at her trengs det hjelp, kva kan dei gjere for å hjelpe til og kva må dei gjere dagane Randi ikkje er der. Ho opplever barnehagar der ho prøver å delta på avdelingsmøter for å snakke om barnet, men nokre barnehagar seier at det ikkje trengs. Ho opplever å formidle informasjon og tiltak til pedleder, men det går ikkje vidare til assistentane. Sidan assistentane er dei som er med barnet mesteparten av tida ynskjer ho å ha avdelingsmøter slik at informasjonen går rundt.

Bente fortel at før BTI så satt dei på kvar si 'tua' og at det ikkje var noko organisering på kven dei skulle kalle inn og det kunne skje at dei kalla inn feil person. No er det betre organisert. Ho tykkjer BTI er god og forpliktande. Ho seier at BTI tvinger folk til å tenke i lag. Bekymra på same måte, men forplikta til å ta det med foreldre med ein gong. Før prøvde dei ut diverse tiltak og la til rette for barnet på eiga hand og nemnte kanskje noko for foreldra, men var ikkje særleg open om det. Foreldresamarbeidet er tettare. Mykje blir løyst på nivå 1, då samarbeider dei med foreldre. Andre gonger kallar dei inn nokon til å rådføre seg med som kan komme inn med råd og til dei og foreldre i lag. Om det er noko så har dei 4 veker til å kontakte og snakke med foreldre. Ho følte at før var holdninga at 'ditta går sikkert seg til', men no der det sånn at det skal startast eit foreldresamarbeid med ein gong det er noko og så kalla ein inn andre om det trengs.

Marte fortel at ho jobbar annleis enn før fordi instansane saman har utvikla eit felles språk og omgrepssapparat gjennom den digitale handlingsrettelearen, som er ein del av BTI-modellen. Før når dei hadde sakar måtte dei sjå på heile saka, mens no kan dei bli ringt og enklare forstå utifrå nivåa i modellen kor dei er og kva dei treng hjelp med. Ho treng berre stille eit par nøkkelspørsmål og så kan ho begynne å retteleie. Ho omtalar det som meir effektivt for både dei som spør ho og for ho som skal svare.

### 4.3 Utfordringar

Karen ser på utbyttning som ei utfordring. Dei opplevde ein treårs periode, under den gamle støttepedagogordninga, at eit barn hadde seks forskjellige støttepedagogar. Ho forstår at det er ein kabal som skal gå opp, men blei frustrert på barnet sine vegne når dei ikkje klare å gjere det stabilt for enkeltbarn. For kvar søknadsfrist kjem det nye søknadar, ho trur dei berre får meir og meir, og sjølv om nokon byrjar på skulen, så skal dei jo følgast opp. I fjor opplevde dei at det var ein voldsom mangel på folk i kommunen. Sjølv om eit barn hadde fått vedtak om kor mange årstimar, og alt var i orden kom ikkje ressursar på plass på grunn av mangel på folk. Då hadde dei ein klagesak, der foreldra skreiv klaga, den klaga gjekk rett til PPS, det er ikkje barnehagen si skuld, det blir som ei klage til kommunen. Ho seier ho har forståelse for at når det manglar folk er det vanskeleg å få ressursar på plass, men det er likevell frustrerande når alt er godkjent og innvigla på alle hold og barnet ikkje får ressursen den har krav på. Dette gjaldt fleire barn på huset. Då måtte dei søke på nytt om ressursar sjølv om barn hadde ressursar frå før. I høst hadde dei ei omstrukturering i PPS, det var nokon som bytta stilling og det skulle komme ein ny spesialpedagog, som ikkje kom før i oktober, det var mange timar tapt for det barnet. Ho utrykke frustrasjon.

Randi meiner utfordringar variere utifrå problemstilling. Syns det er lettare å handtere tilfeller der barn har utviklingsmessig språkvanskar. Når det er atferdsproblematikk hos eit barn kreve det ein del arbeid med å legge til rette i barnegruppa. Der oppleve ho at det er vanskeleg å gå igjennom idear og tips. Utrykke at holdningar hos pedleiar burde snuast på hove, og at dei må tenke heilt annleis. Det tar lang tid å omorganisere ei barnegruppe og det kan vere vanskeleg, men om det ikkje blir tilrettelagt for barnet med atferdsvanskar så får ein ikkje noko resultat, då det skjer det same frå mandag til fredag. Og det er vanskelig når pedleder ikkje gjer informasjon vidare til dei andre på avdelinga om korleis ein skal handtere barnet. Randi seier at det at enkelte barnehagar ikkje har nok bemanning er ei utfordring. Ho kan komme med eit

forslag om å dele barna på ei avdeling opp i grupper, men på grunn av bemanning har dei ikkje moglegheit til det. Det er vanskelig å få til ei endring hos eit barn med atferdsvanskar i ei stor gruppe, fordi barnet har for mange å forholde seg til. Dei ser at eit slikt barn fungerer mykje bedre i små grupper. Randi opplever nokre plasser at pedagogisk leiar fråskrive seg ansvaret for barnet når spesialpedagog er i bilde, og tenker ikkje at spesialpedagog ikkje er tilstade kvar dag så då burde dei ta til seg det dei gjer. Nokre gonger føler dei at det burde stå i sakkyndig vurdering at nokon frå avdelinga tar del i øktene dei har med barna slik at den då kan sjå kva dei gjer og gjere det same dagane spesialpedagog ikkje er der. Det kan vere vanskeleg å få til fordi dei ikkje har tid, ho møter alltid det tidsperspektivet, og viss ikkje så er det bemanning som setter ein stoppar, det påverke samarbeidet negativt. Uttrykke at spesialpedagogar heller ikkje har så mykje tid, dei følgje vedtaka og har så og så mangen timar.

Bente seier før var utfordringane forskjellig frå sak til sak, individuelt. Ho føler det er meir openhet no, og at instansane er forplikta til å bidra. Før hadde dei eit møte med kvar instans, no har dei møter i lag og alle jobbar saman og kjem med sine bidrag, det seier ho er den største forandringa. Har ikkje møtt store utfordringar. Nokre er reservert mot at ting skal lagrast på nettet, og kor sikra det er. Så det gjeld å trygge foreldra på at det ikkje er kven som helst som har tilgang.

Marte seiar at før tok det lengre tid før ting blei tatt tak i og folk var ganske bekymra. Dei visste ikkje korti dei skulle ta tak i ting eller korti det skulle snakke med foreldre. No jobbar barnehagane meir målretta og dokumenterer meir. Det er større kvalitet, fagleg sett, på spørsmål og henvendelsa no. Tekniske utfordringar med korleis ein skal gjere det i det digitale samhandlingsverktøyet.

#### **4.4 «Suksesskriterier» for tverrfagleg samarbeid**

Karen nemner at ein må vere positiv og tydeleg og at kommunikasjon er viktig og å vere opne med kvarandre, ha kontakt med kvarandre jevnlig. Tenker at det hadde vore eit dårleg samarbeid om ho må ta kontakt med dei og gje oppdatering om barnet utan noko kontakt. Men at dei tar kontakt og held seg sjølv oppdatert, sånn at om foreldre lure på noko at alle har noko lunde same informasjon, og at den er relativt fersk. Openhet og jevnlig kontakt med dei som ikkje er i barnehagen, PP-rådgivar. Dei som er i barnehagen, spesialpedagogar, snakkar ho meir med så der handlar det om tilrettelegging. Tilrettelegging av tid og korti dei kan

komme å ta timane barnet har rett på kan vere vanskeleg med ein full kalender hos spesialpedagogen. Syns at spesialpedagogen skal sei noko om kva dei tenke når dei har blitt kjent med barnet korleis dei vil arbeide med det, for det kan vere forskjellig. At om spesialpedagogen vil jobbe ein og ein med barnet at dei forhøyre og avtale med Karen om korleis ein skal legge til rette for det. Då kan ho legge til rette ved å organisere teamet sitt og ta opp på pedagogisk leiar møte og frigjer eit rom for spesialpedagogen. Dette er noko det er forståelse for blant dei pedagogiske leiarane i barnehagen. Kommunisere om barnehagedagen og kva barnegruppa gjer i dei tidene spesialpedagogen kan vere der. Ho forvente at spesialpedagogen arbeid aktivt og tilpasse seg dei tidene dei kjem, for eksempel at om dei er der under lunsjtid, så kan ikkje barnet skippe lunsj, då må spesialpedagogen tilpasse seg. Beskriv at dei fleste spesialpedagogar treng tid til å bli kjent med barnet ved å bruke dei fyrste gongene til å vere i leik med barnet. Dei spør ho om kva ho meine barnet treng og ser på ho som ekspert på barnet. Karen utrykke då sine erfaringar, som viss barnet har språkvansker treng det gjerne ein til ein tid, men viss det handlar om det sosial kompetanse blir det ulogisk å ta barnet ut av fellesskapet. Men heller støtte og hjelpe i leik situasjonar. Ho tykkjer dei ofte tar i mot det ho seier dei burde gjere, og at spesielt i byrjinga at innstillinga til spesialpedagogen er å høyre på dei som veit kor behovet er (teamet). Spesialpedagog seier tydeleg kva planen er den dagen når dei kjem og at dei oppdaterer Karen på kva som skjer, slik at ho kan formidle vidare til foreldre, sidan spesialpedagogen sjeldan får møtt dei dagane dei er der. Karen tar spesialpedagogen med i å skrive IU-plan, noko som eigentleg er henna ansvar aleine, men ho tar dei aktivt med fordi dei er tett på barnet. 'Eg har liksom kvantitetstida samen med barnet, og dei har kvalitetstida, så dei kan sei meir. Eg klarer ikkje svare på alt, med alle ungane.'

Bente seier at ein må ein klar plan, følge 'oppskrifta'. Ikkje berre ha fokus på problem, men på det positive, lysglimt, det som dei får til, det syns ho er viktig.

Marte seier at viss ikkje ein har ei opa haldning og undring i kroppen sin når ein går inn i samarbeidet så trur eg at det blir veldig vanskelig å få gode ting til, da trur eg. For vi er avhengig av at alle er med å bidrar, at vi flette oss inn i kvarandre, med den kunnskapen og kompetansen vi har. Om ein pedagogisk leiar ikkje er positiv til tverrfagleg samarbeid så vil ikkje barna få hjelp. Det er viktig at barnehagane ber om hjelp tidlig. Ho veit at dei kan jobbe med så mange fleire barn på tidlig innsats, for eksempel når det kjem til språkutvikling slik at dei sleppe å komme på tilvising til PP tenesta rett før dei skal begynne på skulen. Barnehagen har antakeleg sett problemstillingane lenge, og så kjem tilvisingane og spørsmål om hjelp til



barnet for seint. Ho meiner pedagogisk leiar må kjenne sitt eige kompetansefelt og spør om hjelp på andre sitt kompetansefelt.

## 5.0 DRØFTING

I denne delen av oppgåva vil eg drøfte funna frå undersøkinga i lys av teori og litteratur. Eg presenterer dei systemiske og samspels faktorane som påverke dynamikken til eit tverrfagleg samarbeid og dei sentrale prinsippa for å jobbe tverrfagleg og drøfte desse i barnehagesamanheng og trekke inn aktuelle funn for å sjå kva skilnadar som kjem fram.

### 5.1 Systemisk faktor, det profesjonelle systemet

*Profesjonell sosialisering*, startar allereie i det ein byrjar Barnehagelærerutdanninga i det ein møter andre studentar og foreleserar. Som student bli du drege inn i filosofiane, verdiane og dei teoretiske perspektiv som høyre til barnehagelærer profesjonen. Desse møta er med på forme deg som profesjonell, og ved å vere eit aktivt medlem bruker du personlege erfaringar til å forme eins eige syn av profesjonen. Fyrst og fremst vil denne sosialiseringa vere forskjellig frå profesjon til profesjon, men den vil også utvikle seg over tid når ny viten og forståing av profesjonen blir etablert gjennom endring i for eksempel samfunnet (Day, 2013). I dei presenterte funna snakkar Randi (sjå 4.1) blant anna om korleis ho opplever å ha eit anna barnesyn i møte med nokre barnehagar, og påpeikar barnehagar som følger Marte Meo metoden, ein retteleingsmetode (<http://www.martemeo.no>), som betre å samarbeide med enn andre. Dette viser til ulik kultur og samhandling i barnehagar basert på teoretisk perspektiv som spesialpedagog møter.

*Profesjon språk*, Marte fortel (sjå 4.2) at gjennom den digitale handlingsrettelearen som BTI består av, så har kommunen utvikla eit felles omgrepsapparat saman med dei tenestene som arbeider med barn. Dette har endra korleis dei samhandlar fordi dei no har eit felles språk og lettare og meir effektivt kan kommunisere for eksempel via telefon når det gjeld å kople seg på stafettloggar. Marte snakka og om korleis ho møter foreldre (sjå 4.1) annleis no enn før BTI i forhold til profesjonsspråk, no møter ho foreldra på deira nivå, og syns det å gjere foreldra kompetente er noko av det viktigaste for.

*Profesjonars etiske retningslinjer*. Pedagogiske leiarar har *Lærerprofesjonens etiske plattform* (Utdanningsforbundet, 2012) som eit felles uttrykk for lærarprofesjonen sine grunnleggande verdiar og etiske ansvar, og er meint for alle lærarar og leiarar i norske barnehagar og skular.

Plattforma blir forklart som eit hjelpeverktøy for profesjonen som fellesskap og er meint å hjelpe med å sikre god praksis på dei områda som aldri vil kunne lov- og planfestast til minste detalj. Eit av punkta som er tilknytt *Lærarprofesjonens etiske ansvar* er at ein som profesjon «tilstreber godt samarbeid, uten at vi påtar oss oppgaver som tilhører andre profesjoners fag og kompetansefelt». Dette punktet kan tolkast som ein anna måte å kunne sei ‘dette er ikkje min jobb’ når det kjem til situasjonar der ein ikkje meiner ein er kompetent nok. Ei liknande haldning møter Randi (sjå 4.3) i nokre barnehagar, der ho oppleve at pedagogisk leiar fråskrive seg ansvaret for barnet når det har fått spesialpedagogisk hjelp og spesialpedagog som ressurs. I desse tilfella implementere ikkje pedagogisk leiar dei daglege tiltaka barnet med særskilde behov behøve.

## **5.2 Systemisk faktor, det sosiale systemet**

Likestilling blant profesjonane kan vise seg i funna ved at alle intervjupersonane har nemnt at det å tenke saman og vere samsvart om problemstillingar er viktig. Sosiale forskjellar er og vanskeleg å sjå utifrå funna og intervju.

### 5.3 Samspels faktorar

Randi har eit eksempel (sjå 4.1) der ho nokre plassar føler at barnehagen forventar at ho 'kjem med ein tryllestav og problema forsvinn'. Dette kan vere eit eksempel på *profesjons stereotyping* der barnehagen har laga seg eit bilete over korleis spesialpedagogar er utifrå ulike erfaringar og mangel på kunnskap om spesialpedagogisk hjelp. *Ulike mål*, får eg inntrykk av at Marte har møtt i fleire tverrfaglege samarbeid når ho snakkar om at ein ikkje må gå inn i eit samarbeid og ha svaret før ein går inn i ein diskusjon. For å ha eit effektivt samarbeid må ein samhandle om felles mål. *Mangel på tillit og motivasjon*, finn ein i tilfella der Bente seier at BTI har vore med å ufarleggjere det å søke hjelp. Tidligare mangla dei tillit til dei andre instansane i kommunen. Marte fortel at barnehagane visste ikkje korti dei skulle ta tak i ting eller korti dei skulle snakke med foreldre om barn dei var bekymra for. Etter BTI har barnehagen blitt tryggare på å ta kontakt, noko som og vise at dei har vorte tryggare på seg sjølv etter å få ein betre struktur på rutinene. *Mangel på kommunikasjon*, er spesielt knytt til der Randi snakkar om korleis informasjon om tiltaka rundt barna i nokre barnehagar ikkje blir formidla frå pedagogisk leiar assistentane. Noko som er spesielt problematisk ettersom i mange tilfelle er assistentane tettare på barna enn pedagogisk leiar.

### 5.4 Sentrale prinsipp som er nødvendig å for å jobbe tverrfagleg

Viljen og evna til å vere samarbeidsvillig og inkluderande. I tilfella der Randi fortel om barnehagar med dårleg samarbeid finn ein ikkje dette hos den pedagogiske leiar. Men eg ser dette prinsippet om å vere samarbeidsvillig er nemnt av alle intervjupersonane som viktig og dei uttrykke i sine intervju at dei innehar dette prinsippet.

Ei forståing av arten og omfanget av omsorgsplikta du har ovanfor dei som bruker tenestene dine og til kollegaene dine. I barnehage samanheng handlar dette om den plikta du har ovanfor barn, føresette, kollegaer og samfunnet. Karen viser i sitt intervju der ho er engasjert og deler mykje erfaring at ho innehar dette prinsipp.

Sikre at du under ditt tverrfaglege/tverrprofesjonelle arbeid har følgande holdningar ovanfor alle du jobbar med og for: Respekt for det konfidensielle, avtaler, viljen til å samarbeide/forhandle og viljen til å dele. Viljen til å samarbeide kjem fram som ei utfordring for BTI-kommunen tok i bruk modellen og er framleis ei utfordring i bykommunen.

Viljen og evna til å kommunisere tydeleg kva ein vil og kva ein trur; og lytte til kva andre vil og trur. Dette kjem og fram som ei tidligare utfordring i BTI-kommunen og eit nåværande i bykommunen i enkelte barnehagar.

Forpliktinga og evna til å utvikle og levere gjensidige akseptable delte planar. Dette viser Karen at ho innehar når ho går igjennom rutineane ho fylgje i barnehagen.

Viljen og evna til å ta del i det å forme endring og vere open for innspel frå andre fagfelt tilknytt tenestene du tilbyr. Dette er noko Karen både påpeiker som ei forventning ho har overfor instansar ho er i samarbeid med.

## 6.0 KONKLUSJON

Eg vil no komme med ein konklusjon om korleis problemstillinga er belyst og kva som er lært gjennom arbeidet. Først vil eg presentere problemstillinga på nytt.

*Korleis kan pedagogisk leiar sine haldningar til tverrfagleg samarbeid påverke samhandlinga mellom barnehagen og instansane? På kva måte kan samhandlingsmodellen BTI vere med på å styrke samhandlinga mellom barnehagen og andre instansar?*

Haldningar kan vere i både positiv og negativ forstand. Det kjem tydeleg fram at intervjupersonane har både møtt og innehar haldningar som har ei positiv påverknad på samhandlinga dei i mellom. Det å ha eit ope sinn, vere positiv og tydeleg kjem fram som nødvendige kriterier å inneha om ein skal vere ein god samarbeidspartner. Randi er den som har møtt flest tilfelle av negative haldningar som er skremmande like dei observasjonane eg presenterte i innleiinga. Funna vise at negative haldningar til tverrfagleg samarbeid påverke samhandlinga på den måten at nødvendig informasjon om tiltak for barn med særskilde behov ikkje går rundt. Funna visa at positive haldningar til tverrfagleg samarbeid styrke samhandlinga ved at ein open om å dele kunnskapen sin. Funna vise at samhandlingsmodellen BTI kan styrke samhandlinga mellom barnehagen og andre instansar ved at den legg til rette for ei meir strukturert og effektiv samhandling gjennom eit felles utvikla språk. Barnehagen i BTI-kommunen har gått i frå ei haldninga der dei lot vere å kontakte instansar for hjelp, til å aktivt saman med foreldre ta tak i utfordringar som dukkar opp hos barna.

Denne oppgåva har gitt meg betre innsikt i korleis tverrfagleg samarbeid i barnehagen kan vere for ein spesialpedagog og korleis ein skal møte instansar som er der for å hjelpe. Eg ville at denne oppgåva skal få deg til å reflektere øve di profesjonelle rolle i tverrfagleg samarbeid.

*«Barnehaglærern utfordres til å begunne sitt etiske ståsted fordi det vil komme til syne gjennom arbeidet med barna og personalet. Handlinger og holdninger skal ikke være tilfeldige, men gjennomarbeidet og godt begrunnet.»*

(Tholin, 2015, s. 105)

## 7.0 LITTERATUR

Barnehageloven. (2005). *Lov om barnehager (barnehageloven)*. Henta 15. april 2019 frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> [Sist endra 01.10.2018]

Bø, I. & Helle, L. (2013). *Pedagogisk ordbok*. (3.utg). Oslo: Universitetsforlaget.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6.utg). Oslo: Gyldendal Akademisk

Day, J. (2013). *Interprofessional working. An essential guide for health and social care professionals*. (2.utg). Hampshire, UK: Cengage Learning EMEA

Eidhamar, L.G. & Leer-Salvesen, P. (2017). *Nesten som deg selv – Barn og etikk*. (5.utg). Oslo: Cappelen Damm AS

Forebygging.no (12.07.2018). *Hva er BTI?* Henta 15. april 2019 frå:

<http://tidliginnsats.forebygging.no/Aktuelle-innsater/BTI/Hva-er-BTI/>

Forebygging.no (23.01.2018). *Hva er BTI?* Henta 15. april 2019 frå:

<http://tidliginnsats.forebygging.no/Aktuelle-innsater/BTI/Hva-er-BTI/Hva-er-BTI/>

Glavin, K. & Erdal, B. (2013). *Tverrfaglig samarbeid i praksis - Til beste for barn og unge i Kommune-Noreg*. (3.utg). Oslo: Kommuneforlaget AS

Hammick, M., Freeth, D., Copperman, J. & Goodsman, D. (2009). *Being Interprofessional*. Cambridge, UK: Polity Press

Helgesen, M.K. (2013) *Bedre Tverrfaglig innsats (BTI). Følgeevaluering*. (NIBR-rapport 2013:23) Henta 5. mars 2019 frå:

<http://www.hioa.no/extension/hioa/design/hioa/images/nibr/files/filer/2013-23.pdf>

Helsedirektoratet (2017). *Bedre Tverrfaglig Innsats (BTI)*. Henta 15. april 2019 frå:

[http://tidliginnsats.forebygging.no/Global/BTI\\_brosjyre\\_2017.pdf](http://tidliginnsats.forebygging.no/Global/BTI_brosjyre_2017.pdf)

Helsedirektoratet (2018, 23. januar). *Hva er BTI?* Henta 30. mai 2019 frå:

<http://tidliginnsats.forebygging.no/Aktuelle-innsater/BTI/Hva-er-BTI/Hva-er-BTI/>

Helsedirektoratet (2018, 8. januar). *Hvorfor BTI?* Henta 30. mai 2019 frå:

<http://tidliginnsats.forebygging.no/Aktuelle-innsater/BTI/Hvorfor-BTI/Hvorfor-BTI/>

Højholdt, A. (2016). *Tværprofessionelt samarbejde i teori og praksis*. (2.utg). København: Hans Reitzel Forlag

Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagen – Innhold og oppgaver*. Oslo: Pedlex

Møller, G. (2016). *Erfaringer med BTI i åtte nøkkelkommuner*. (KoRus – Sør Rapport). Henta 5. mars 2019 frå: [https://www.korusoslo.no/wp-content/uploads/Rapport\\_BTI\\_Nokkelkommuner.pdf](https://www.korusoslo.no/wp-content/uploads/Rapport_BTI_Nokkelkommuner.pdf)

Sjøvik, P. (2014). *Tiltak for barn med særskilte behov i et historisk perspektiv*. I P. Sjøvik (Red.), *En barnehage for alle*. (3.utg). Oslo: Universitetsforlaget AS

Svartdal, F. (08.06.2018). *holdning*. I *Store norske leksikon*. Henta 19. mai 2019 frå: <https://snl.no/holdning>

Utdanningsforbundet (2012). *Lærerprofesjonens etiske plattform*. Henta 5. mars 2019 frå: <https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/var-politikk/publikasjoner/brosjyrer/larerprofesjonens-etiske-plattform-pa-1-2-3.pdf>

# BEDRE TVERRFAGLIG INNSATS

(BTI)

En samhandlingsmodell for tjenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knyttet undring eller bekymring til.


[http://tidliginnsats.  
forebygging.no/  
Aktuelle-innsater/  
BTI/](http://tidliginnsats.forebygging.no/Aktuelle-innsater/BTI/)



# Samhandlingsmodellen

BTI er en samhandlingsmodell, som er illustrert gjennom fire nivåer fra 0 til 3, se figuren under. Denne viser at det tverrfaglige samarbeidet kan være mer eller mindre omfattende og involvere få eller mange tjenester eller instanser. Inndelingen i nivåer og kompleksiteten i samarbeidet er illustrert med puslespillbrikker, der hver og en er nødvendig med tanke på helhetlig og koordinert innsats.

Modellen egner seg både som et hjelpemiddel for å ta strategiske



beslutninger og for å systematisere samhandlingen i praksis. BTI skal bidra til tidlig innsats, samordning av tjenestene og brukermedvirkning.

**Tidlig innsats** handler om å oppdage og følge opp med innsats i tidlig alder, og å oppdage bekymring tidlig i et risikoforløp. Det kan være forhold i hjemmet, egenskaper ved barnet/ungdommen/familien eller miljøet i barnehagen/skolen eller fritida, som skaper utfordringer. Hjemmet, helsestasjonen, barnehagen og

Det er fire nivåer i modellen (se figur til venstre og høyre):

- Nivå 3** Beskriver mer omfattende tverrfaglig samarbeid mellom flere tjenester.
- Nivå 2** Beskriver enkelt tverrfaglig samarbeid mellom fortrinnsvis to tjenester.
- Nivå 1** Beskriver innsats innenfor hver enkelt tjeneste.
- Nivå 0** Avklarar om det er grunn til bekymring.

Brikkene i figuren til venstre symboliserer nivåene og antall tjenester, som involveres. De ulike nivåene bindes sammen av den loddrette brikken som strekker seg mellom nivåene. Denne symboliserer stafettholderen og stafettloggen, som skal sikre helhetlig og koordinert innsats uten at det blir brudd i oppfølgingen.


skolen har derfor en sentral plass i å oppdage og følge opp.

**Samordning av tjenestene** handler om å skape et helhetlig og sammenhengende system mellom kommunens ulike tjenester og brukeren. Hensikten er at tjenestene skal fremstå helhetlig overfor brukerne. Strukturen i BTI skal legge til rette for at det blir sammenheng i og mellom tjenestene og brukeren uten at det blir brudd i oppfølgingen.

**Brukermedvirkning** handler om at de kommunale tjenestene

legger til rette for at gravide, barn, unge og deres foreldre involveres i samarbeidet så tidlig som mulig. Dette innebærer at det også skal legges til rette for at foreldre/brukere enkelt kan komme i kontakt med aktuelle virksomheter/tjenester ved bekymring for egne eller andres barn. Brukere skal oppleve kommunens tjenester som oversiktlige og forutsigbare.

Erfaringene viser at aktørene får bedre og gjensidig forståelse og oversikt over hverandres oppgaver og blir bedre til å koordinere innsats og ansvar slik at oppfølgingen blir mer helhetlig og sammenhengende. I tillegg sikrer modellen at innsatsen blir dokumentert og fremmer god overgang mellom ulike tjenester.



**BTI BIDRAR TIL:**

Å konkretisere anbefalingene i veilederen «Fra bekymring til handling» herunder:

- Å følge opp målgruppen tidlig og samordnet.
- Å beskrive et systematisk handlingsforløp fra undring/bekymring til handling i en struktur på fire nivåer med konkrete verktøy, som kan tilpasses lokalt.
- Å involvere den gravide, barnet, den unge og foreldrene i arbeidet, når det er hensiktsmessig.

Å utvikle de områdene som ble avdekket i Helsetilsynets rapport «Oppsummering av landsomfattende tilsyn 2008 med kommunale helse-, sosial- og barneverntjenester til utsatte barn» (5/2009):

- Alvorlig svikt i kommunenes arbeid med å fange opp, utrede og følge opp enkeltbarn.
- Store utfordringer og mangler i det tverrfaglige samarbeidet rettet mot barn, unge og foreldre.

BTI vil bidra til å rette opp i systemsvikten som omtales i Helsetilsynets rapport.



<http://kompetansesenterrus.no/>

*I arbeidet med å tilpasse og utvikle BTI-modellen har regionale kompetansesentre på rusfeltet og åtte nøkkkommuner deltatt siden 2012.*



Haugesund kommune



Østre Toten kommune



SKIEN KOMMUNE



Røros kommune



STORD KOMMUNE



TYSVÆR KOMMUNE



Tromsø kommune



ARDAL KOMMUNE

## Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «Tverrfagleg samhandling i barnehagen», og har fått anledning til å stille spørjemål. Eg samtykke til:

- å delta i intervju
- at intervjuet blir tatt opptak av via diktafon

Eg samtykke til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet avsluttast, ca. 31.06.2019.

\_\_\_\_\_  
Prosjektdeltakar

\_\_\_\_\_  
Dato

## **Vil du delta i forskingsprosjektet «Tverrfagleg samhandling i barnehagen»?**

Dette er eit spørjemål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt kor formålet er å forske på korleis ein arbeider med tverrfagleg samhandling i barnehagen. I dette skrivet vil det vere informasjon om måla for prosjektet og kva det vil innebere for deg å vere deltakar.

### **Formål**

Forskningsprosjektet er ei bacheloroppgåve og formålet med prosjektet er å få eit innblikk i tverrfagleg samhandling i barnehagen, korleis det blir jobba med og kva erfaringar og haldningar ein har til det.

Informasjon som kjem fram i prosjektet skal kun brukast til bacheloroppgåva.

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

*Høgskulen på Vestlandet, fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett* er ansvarleg for prosjektet.

### **Kvifor blir du spurt om å delta?**

Du blir spurt om å delta fordi du er har/har vore tilknytt tverrfagleg samhandling i barnehagen.

### **Kva inneber det for deg å delta?**

Om du velje å delta i prosjektet vil du bli kalla inn til eit intervju der du blir spurt spørsmål knytt rundt tverrfagleg samhandling. Det blir tatt opptak av intervjuet med diktafon og verte lagra på diktafonen inntil prosjektet er avslutta.

### **Det er frivillig å delta**

Alle opplysningar om deg vil verte anonymisert og opptak på diktafon vil verte transkribert og anonymisert, slik at informasjon ikkje kan verte sport tilbake til deg. Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du velje å delta, kan du når som helst trekkje samtykke tilbake utan å oppgjeve nokon grunn. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare velje å trekke deg.

### **Ditt personvern – korleis dine opplysningar blir oppbevart**

Opplysningar om deg vil kun bli brukt til dei formål som er skrive om i detta skrivet. Alle opplysningar blir behandla konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

### **Kva skjer med opplysningane dine når forskingsprosjektet er avslutta?**

Etter planen skal prosjektet avsluttast innan 31.06.2019. Når prosjektet er godkjent av HVL (Høgskulen på Vestlandet), vil personopplysningar og opptak verte sletta.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- Innsyn i kva for personopplysningar som er registrert om deg
- Å få retta på personopplysningar om deg
- Få sletta personopplysningar om deg
- Få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet)

- Å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysingar

### **Kva rett er gjeven til å behandle personopplysingar om deg?**

Alle opplysningar om deg som blir behandla, blir behandla basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kor kan du finne ut meir?**

Om du har spørjemål til studien, eller ynskjer å ta nytte av rettighetene dine, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved
  - o Student og prosjektansvarleg, Kristine Eide, e-post: [181802@stud.hvl.no](mailto:181802@stud.hvl.no), telefon: 95 96 34 02
  - o Rettleiar, Elisabeth Bakke, e-post: [elisabeth.bakke@hvl.no](mailto:elisabeth.bakke@hvl.no), telefon: 53 49 14 43
- NSD – Norsk Senter for forskingsdata AS, på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17

Med vennleg helsing

Prosjektansvarleg,  
Kristine Eide  
[181802@stud.hvl.no](mailto:181802@stud.hvl.no)  
+47 95963402

## INTERVJUGUIDE Bykommune

### - Pedagogisk leiar

1. Fortel litt om bakgrunnen din, kor mange år har du jobba som pedagogisk leiar?
2. Kva tankar hadde du om tverrfagleg samarbeid då du byrja å jobbe som pedagogisk leiar?
  - a. Kva tankar har du no?
3. Kva rutiner har dykk når eit barn skapar bekymring?
  - a. Korleis føler du det fungerer?
4. Kva krav og forventingar har du til eit tverrfagleg samarbeid?
5. Kva utfordringar møter du i tverrfaglege samarbeid?
6. Kva har du erfart av tverrfagleg samarbeid?
7. Kva syns du gjer eit tverrfagleg samarbeid bra eller dårleg?
8. Kva føler du at du bidrar med som profesjonell til samarbeidet?
  - a. Kva føler du at du bidrar med som person?
  - b. Kva er di rolle i samarbeidet?
9. Korleis trur du eigne holdningar kan påverke eit samarbeid? Presenter problemstillinga,
10. Vil du tilføye noko?

## INTERVJUGUIDE Bykommune

- Instans,

11. Fortel litt om bakgrunnen din.

12. Kva haldningar hadde du til tverrfagleg samarbeid då du byrja jobbe?

a. Kva haldningar har du no?

13. Kva rutiner har dykk når eit samarbeid rundt eit barn i barnehagen byrjar?

a. Korleis føler du det fungerer?

14. Kva krav og forventingar har du til pedagogisk leiar i eit tverrfagleg samarbeid?

15. Kva utfordringar møter med pedagogisk leiar i eit tverrfagleg samarbeid?

16. Kva har du erfart av tverrfagleg samarbeid med barnehagen?

17. Kva syns du gjer eit tverrfagleg samarbeid bra eller dårleg?

18. Kva føler du at du bidrar med som profesjonell til eit tverrfagleg samarbeid?

a. Kva føler du at bidrar med som person?

b. Kva er di rolle i samarbeidet

19. Korleis trur du egne haldningar kan påverke eit samarbeid? Presenter problemstillinga.

20. Vil du tilføye noko?

## INTERVJUGUIDE BTI-Kommune

### - Pedagogisk leiar

1. Fortel litt om bakgrunnen din, kor lenge har du jobba som pedagogisk leiar?
2. Kva haldningar hadde du om tverrfagleg samarbeid då du byrja å jobbe som pedagogisk leiar?
  - a. Kva tankar har du no?
3. Kva tankar har du om BTI-modellen?
  - a. Korleis føler du det fungerer?
  - b. Har BTI-modellen hatt noko endring på korleis du samarbeider tverrfagleg?
  - c. Har den påverka korleis du vurderer bekymringar?
4. Kva for utfordringar har du møtt før dykk tok i bruk modellen?
  - a. Kva utfordringar møter du no?
5. Kva krav og forventingar har du til eit tverrfagleg samarbeid?
6. Kva har du erfart av tverrfagleg samarbeid?
7. Kva syns du gjer eit tverrfagleg samarbeid bra eller dårleg?
8. Kva føler du at du bidrar med som profesjonell til samarbeidet?
  - a. Kva føler du at du bidrar med som person?
  - b. Kva er di rolle i samarbeidet?
9. Korleis trur du egne haldningar kan påverke eit samarbeid? Presenter problemstilling.
10. Vil du tilføye noko?



## INTERVJUGUIDE BTI-kommune

- Instans

11. Fortel litt om din bakgrunn

12. Kva haldningar hadde du om tverrfagleg samarbeid då du byrja å jobbe?

- a. Kva tankar har du no?

13. Kva forhold har du til BTI-modellen?

- a. Korleis føler du det fungerer?

- b. Har BTI-modellen hatt noko endring på korleis du samarbeider tverrfagleg med barnehagen?

14. Kva for utfordringar har du møtt i samarbeid med barnehagen før dykk tok i bruk modellen?

- a. Kva utfordringar møter du no?

15. Kva krav og forventingar har du til eit tverrfagleg samarbeid med barnehagen?

16. Kva har du erfart av tverrfagleg samarbeid med barnehagen?

17. Kva syns du gjer eit tverrfagleg samarbeid med barnehagen bra eller dårleg?

18. Kva føler du at barnehagen bidrar med i eit tverrfagleg samarbeid?

- a. Kva rolle har du og kva rolle har barnehagen?

19. Korleis trur du egne haldningar kan påverke eit samarbeid? Presenter problemstillinga.

20. Vil du tilføye noko?